



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mads Munkejord, 5557 2383

Vår dato  
27.06.2016  
Dykkar dato  
«REFDATA»

Vår referanse  
2016/8771  
Dykkar referanse  
«REF»

Til kommunane i Hordaland

### **Informasjon om nytt grensesnitt i DSB-CIM samt kurs i Bergen i uke 37**

CIM er det leiande støtteverktøyet for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i det offentlege Noreg. CIM kan nyttast som eit krisestøtteverktøy, styrings- og kvalitetssystem, mediehandtering, risikovurdering, varslingssystem og/eller planverk- og ressursbank. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har vedteke å justere grensesnittet i DSB-CIM i løpet av uke 36 i år. Sjå vedlagde brev frå DSB, samt vedlagde rettleiing. Samstundes har Fylkesmannen i løpet av våren gjennomført ei kartlegging av CIM-bruken i kommunane i fylket. 31 av 33 kommunar har svart på undersøkinga, og hovudbiletet er at bruken totalt sett er relativt avgrensa. Alle kommunar i landet har gratis tilgang til «kommune-CIM», men ev. bruk er friviljug.

I ljós av dette ønskjer Fylkesmannen å bidra til auka forståing av kva CIM er, og auka grunnkompetanse i sjølve CIM. Fylkesmannen har difor invitert Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerhet og beredskap (NUSB) til å halde kurs i og om CIM på Statens hus i Bergen i uke 37.

Kurset vil ta utgangspunkt i det nye grensesnittet og vere retta mot (meir eller mindre) nybegynnalar. Me ønskjer at dette skal vere eit lågterskeltilbod som skal koste kommunane minst mogleg tid og ressursar. Det vil difor i utgangspunktet verte to separate eitt-dagarskurs, der deltakarar kan velje mellom dag 1 (12. september) eller dag 2 (13. september). Me tek sikte på å leggje mest mogleg til rette for at det for fleirtalet av kommunane ikkje vil vere naudsint med overnatting for å delta. Vidare vil det at kurset finn stad på Statens hus, gjere kostnadene relativt små for den einskilde deltakar, truleg ein stad mellom 250–350 kr pr. pers. (inkl. enkel lunsj).

I utgangspunktet vert det høve for at kvar kommune kan delta med inntil to personar. Ein kan melde på fleire, men Fylkesmannen vil då måtte avskjere deltaking dersom dette kjem på kostnad av andre kommunar eller den totale kapasiteten. Vidare vil vi prioritere kommunar som ikkje bruker CIM i dag. Det vil maksimalt vere rom for 25 personar per dag. (Skulle mange melde seg på, vil det kunne vere aktuelt med ein tredje kursdag).

Me har no oppretta påmeldingsskjema på våre nettsider til kursa.

- Lenke til kurset 12. september: <https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Grunnkurs-i-DSB-CIM---12-september/>
- Lenke til kurset 13. september: <https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Grunnkurs-i-DSB-CIM---13-september/>

Frist for påmelding er 25. august.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

2 vedlegg